



Fotballgruppa driv godt og har stor rekruttering for tida. Leiar Jostein Hauso kan melda om 72 aktive fotballspelarar og fredag skal dei runda av sesongen i Aktivitetshuset frå klokka 16.30 til 18.30

Spar Heio Cop var eit høgdepunkt også denne sesongen og der deltok det 53 spelarar frå det arrangerande lag. Eit av dei to mix-laga frå Uskedalen er på biletet over. På grunn av regnet måtte cupen flyttast frå eio til grusbana, men det vart vellukka.

Under avslutningen fredag vert det diverse aktivitetar, servering av kaffi og kaker og sal av lodd. Kanskje kjem også nissen hvis han får tid i desse travle førjulsdagane,

Foto: Ola Matti Mathisen